

## Møteprotokoll fylkesting for ungdom Vestland 15.-16. april 2023

**Dato:** 15. april 23                      **Kl.** 09.00 – 17.30                      **Stad:** Scandic hotel  
Flesland  
16. april 23                                      09.00 – 13.45

### SAK 1/22 OPNING

Natalia Golis, fylkesvaraordfører, og Inger Christin Hystad Barane, leiar Vestland ungdomsutval, opna fylkesting for ungdom 2023.

### SAK 2/22 NAMNEOPPROP OG GODKJENNING AV FULLMAKTER

Det vart heldt namneopp.rop.

Fylkesting for ungdom har følgjande deltakarar (nummererte deltakarar har forslags-, tale- og røysterett).

Nr.	Delegatar	Representerer	Merknad
1	Emilie Engseth	Vestland Fylkeskommune	
2	Emma Sebastian Haugland	Vestland Fylkeskommune	
3	Hallvard Lervik	Vestland Fylkeskommune	
4	Inger Christin Hystad Barane	Vestland Fylkeskommune	
5	Joachim Reuter	Vestland Fylkeskommune	
6	Lars Kristoffer Meidell Alsaker	Vestland Fylkeskommune	
7	Mathilde Nonås	Vestland Fylkeskommune	
8	Mona Brekke	Vestland Fylkeskommune	
9	Sander Eide Aase	Vestland Fylkeskommune	
10	Tina Revheim	Vestland Fylkeskommune	
11	Wiktoria Bujnicka	Vestland Fylkeskommune	
12	Ådne Hansen Wilberg	Vestland Fylkeskommune	
13	Isak Emil Solheim	Alver kommune	
14	Leonie Sophie Thiele	Alver Kommune	
15	Elias Haug	Askvoll kommune	
16	Herman Bontveit	Askvoll kommune	
17	Gabriel Bøe Fluge	Askøy Kommune	
18	Lucas Robbestad	Askøy Kommune	
19	Peder Sandtorv Totland	Austevoll Kommune	Gjekk 10:20 dag 2
20	Vegard Brunestveit	Austevoll Kommune	Gjekk 10:20 dag 2
21	Emilie Deisz	Bergen kommune	
22	Anna Karia Særhaug	Bergen Kommune	
23	Emma Langeland Dombestein	Bremanger Kommune	
24	Marks Novoselcevs	Bremanger Kommune	
25	Emma Fimland	Bømlo kommune	
26	Sofie Sævik	Bømlo kommune	
27	Are Dalseid	Eidfjord kommune	

28	Marthinius Solheim	Eidfjord kommune	
29	Mariell Markhus Vevatne	Etne kommune	
30	Tale Asbjørnsdotter Skjensvoll	Etne kommune	
31	Andreas Haugstad	Fjaler kommune	
32	Ian Andrè Alfheim	Fjaler kommune	
33	Malene Henden Fridtun	Gloppen kommune	
34	Sunniva Befring	Gloppen kommune	
35	Lance Cadurnigara	Hyllestad kommune	
36	Mari Ness	Hyllestad kommune	
37	Sofie Førde Torvanger.	Kinn kommune	
38	Stefania Basca	Kinn kommune	
39	Lea Golis	Kvam herad	
40	Vegard Eide Aase	Kvam herad	
41	Peter Nesheim	Kvinnherad Kommune	
42	Tord Sverresson Hatteberg	Kvinnherad Kommune	
43	Oda Bertine Bondevik Lie	Luster Kommune	
44	Per Gunnar Moe	Luster Kommune	
45	Thea Hope	Masfjorden	
46	Markus Lilletvedt	Masfjorden kommune	
47	Margrethe Sørheim	Osterøy Kommune	
48	Maximilian Leversund Ulstein	Osterøy Kommune	
49	Dina Kvittingen	Samnanger Kommune	
50	Isa Haugen	Samnanger Kommune	
51	Anders Tuxen	Sogndal Kommune	
52	Emma Steinsland Hamre	Sogndal Kommune	
53	Karina Oma Cooper	Stord kommune	
54	Victoria Larsen	Stord kommune	
55	Andreas Borkamo	Sunnfjord Kommune	
56	Ann Karin Solheim Rygg	Sunnfjord Kommune	
57	Ådne Christiansen	Sveio Kommune	
58	Lucas Flatråker Tønnessen	Tysnes Kommune	
59	Nikolai Måkestad	Tysnes Kommune	
60	Isak Al Bayati	Ullensvang kommune	
61	Sophia Basilio	Ulvik kommune	
62	Frida Fardal-Jakobsen	Vaksdal Kommune	
63	Linus Ulveraker	Vaksdal Kommune	
64	Alva Betine Kilvik	Øygarden Kommune	
65	Ingrid Skjold	Øygarden Kommune	

Observatører	Representerer
Markus Ivan Gabor	Nordland fylkeskommune
Sigurd Hjelle	Nordland fylkeskommune
Sølve Skjerven Oksnes	Luster Kommune
Anders Stadheim	Sunnfjord Kommune

Mabel Sara Thomas	Stord kommune
Aleksander Sognnes Heltne	Luster Kommune
Hans Fredrik Hagelin Moe	Luster Kommune
Torje Staksenh	Eidfjord kommune
Kevin Kydland	Vaksdal Kommune
Markus Elias Fosse	Kvam Herad

<b>Kontrollnemnda</b>	
Sander Eide Aase	
Emilie Mortvedt	Deltok dag 1

<b>Administrasjon</b>	<b>Stilling</b>
Anne Koch Grønlien	Rådgjevar, møtesekretær
Lotte Lynngård	Rådgjevar, møtesekretær

### Sak 3/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

#### Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom godkjenner innkallinga og innstilling til sakliste.

#### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak

Fylkesting for ungdom godkjenner innkallinga og innstilling til sakliste.

### SAK 4/22 VAL AV MØTELEIAR

#### Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:

#### Fylkesting for ungdom vel:

Lisa Horpen

Sigurd Hjelle

#### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak

Fylkesting for ungdom vel:

Lisa Horpen

Sigurd Hjelle

### SAK 5/22 GODKJENNING AV FORRETNINGSORDEN

#### Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:

Fylkesting for ungdom godkjenner forretningsordenen.

#### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak

Fylkesting for ungdom godkjenner forretningsordenen.

### SAK 6/22 VAL AV PROTOKOLLSKRIVARAR

**Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:**

Fylkesting for ungdom vel:  
Anne Koch Grønlien, Vestland fylkeskommune  
Lotte Lynngård, Vestland fylkeskommune

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkesting for ungdom vel:  
Anne Koch Grønlien, Vestland fylkeskommune  
Lotte Lynngård, Vestland fylkeskommune

**SAK 7/22 VAL AV PROTOKOLLUNDERSKRIVARAR****Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:**

Fylkesting for ungdom gjer slikt val av protokollunderskrivarar:

.....

.....

**Tina Emilie Revheim (VU)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:  
Oda Bertine Bondevik Lie  
Karina Oma Cooper»

**Avrøysting**

Revheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Fylkesting for ungdom gjer slikt val av protokollunderskrivarar:  
Oda Bertine Bondevik Lie  
Karina Oma Cooper»

**SAK 8/22 VAL AV REDAKSJONSKOMITÉ****Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:**

Fylkesting for ungdom vel:  
Tina Emilie Revheim  
Inger Christin Hystad Barane  
Mathilde Nonås

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkesting for ungdom vel:  
Tina Emilie Revheim  
Inger Christin Hystad Barane  
Mathilde Nonås

**SAK 9/22 VAL AV VALNEMND****Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:**

Fylkesting for ungdom vel:  
Hallvard Lervik  
Sander Eide Aase  
Mona Brekke

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesting for ungdom vel:  
Hallvard Lervik  
Sander Eide Aase  
Mona Brekke

## **SAK 10/22 BEHANDLING AV KØYREREGLAR FOR FYLKESTING FOR UNGDOM**

### **Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:**

Fylkesting for ungdom vedtek køyrereglar for fylkesting for ungdom 2023.

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesting for ungdom vedtek køyrereglar for fylkesting for ungdom 2023.

## **SAK 11/22 BEHANDLING AV ÅRSMELDING 2022**

### **Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:**

Fylkesting for ungdom vedtek Vestland ungdomsutval si årsmelding for 2022.

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkesting for ungdom vedtek Vestland ungdomsutval si årsmelding for 2022.

## **SAK 12/22 BEHANDLING AV VEDTEKTER FOR FYLKESTING FOR UNGDOM VESTLAND OG VESTLAND UNGDOMSUTVAL**

### **Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:**

Fylkesting for ungdom vedtek vedtekter for fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval med følgjande endringar:

Endringar i vedtekter for fylkesting for ungdom:

- Fjerne §§ 4-8 og 4-9 om kontrollnemnd, samt endre § 4-6 slik at valnemnda ikkje lenger skal innstille på kontrollnemnd.
- Fjerne § 4-4 om val av teljekorps.
- Endre omgrepet uttalenemnd til redaksjonskomité i § 4-7.

Endringar i vedtekter for Vestland ungdomsutval:

- Endre § 2 Val og samansetnad til at det skal bli valt fem varamedlem.
- Fjerne § 4 andre ledd om møteplikt for varamedlem.

**Hallvard Lervik (VU)** sette fram slikt forslag:

“Endre bruk av begrepet “ugildskap” i § 10 til “inhabil””

### **Avrøysting**

*Det var 58 til stades under voteringa.*

Innstillinga vart vedteke mot 6 røyster.  
Lervik sitt forslag fekk 17 røyster og falt.

## Vedtak

# Vedtekter for Vestland ungdomsutval

### § 1 Føremål

Vestland ungdomsutval (VU) er arbeidsutvalet til fylkesting for ungdom (FFU) i Vestland fylke. VU arbeider etter mynde frå fylkesting for ungdom. VU følgjer opp vedtak gjort av fylkesting for ungdom og rapporterer til FFU om måten dei har følgd opp vedtaka sidan førre FFU. VU skal fungere som referansegruppe i arbeidet med fylkeskommunale planar og saker som gjeld barn og ungdom.

### § 2 Val og samansetnad

Vestland Ungdomsutval skal bestå av ni medlemmer (leiar, nestleiar og sju medlemmer). Desse blir vald på fylkesting for ungdom. Det skal også veljast fem varamedlem. Tre av medlemene skal veljast for to år medan dei seks resterande medlemene i likskap med vara har ein valperiode på eitt år. Dette er for å halde kontinuitet i utvalet. Det skal veljast ny leiar og nestleiar kvart år

Medlemene i VU skal vere 14 til 19 år gamle. Ein 13-åring som fyller 14 det året tingsetet finn stad kan bli medlem.

Det skal vera ein balansert samansetjing av medlemmar frå by og distrikt. Ved val av det komande VU skal det også takast omsyn til geografisk spreing, alder, eigenskapar og kontinuitet. Kjønnbalansen skal vere i samsvar med kommunelova § 7-7 tredje ledd som seier viss organet skal bestå av minst fire medlemmer, skal kvart kjønn vere representert i organet med minst 40 prosent. Kjønnbalansen skal fordelast med å sjå kjønnbalansen for medlem og varamedlem kvar for seg.

### § 3 Arbeidsområde

Vestland ungdomsutval skal rapportere til fylkesting for ungdom om arbeidet med vedtaka som vart gjort under fylkesting for ungdom ved førre tingsete, gjennom ei årsmelding. VU skal bruke malen for årsmelding som er utarbeidd av fylkeskommunen.

VU skal vere referansegruppe i fylkeskommunen sitt arbeid med planar og saker som vedkjem barn og unge.

VU skal planlegge og gjennomføre årlege fylkesting for ungdom (FFU) og nettverkssamling for ungdomsråd (NVS).

VU skal arbeide med saker det er naturleg å ta opp og som det er naturleg å engasjere seg i, på fylkesnivå.

VU skal arbeide for å styrke samarbeidet med barne- og ungdomsorganisasjonane. VU skal ha ei fadderordning for, og ha jamleg kontakt med ungdomsråda i fylket.

VU skal ha jamleg kontakt med fylkeskommunen og fordeler ansvar for dei ulike avdelingane mellom seg. Det skal bli oppretta kontakt mellom VU og avdelingane, og VU skal få innsyn i saker som føregår i fylkeskommunen som angår barn og ungdom.

VU skal innad i utvalet organisere seg på same vis som fylkeskommunen, i den grad dette er mogeleg.

Leiar og nestleiar har eit overordna ansvar

### § 4 Møter

Vestland ungdomsutval fastset eigen møteplan. I utgangspunktet skal dei ha seks ordinære møter i året, i tillegg til nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom. Det første møtet etter fylkesting for ungdom skal vera eit fysisk møte, der eit av føremåla er å verte kjende med dei kvarandre og kontaktpersonen frå fylkeskommunen, for å skape eit best mogleg samarbeid for det kommande året.

Møta skal leggjast opp slik at reiseruta for kvar einskild ikkje vert for lang. Det bør vere møter fordelt i heile fylket, viss dette er praktisk for Vestland ungdomsutval. Det skal i hovudsak leggjast opp til kollektivtransport til møta.

Ved nettverkssamlinga og fylkesting for ungdom skal både medlemer og varamedlemer vere til stades.

### **§ 5 Vedtak under møtet**

Vestland ungdomsutval kan gjere vedtak når minst seks av medlemmane er til stades. Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal.

Om det er røysteliskap, har leiar dobbelstemme.

### **§ 6 Møteplikt og forfall**

Dersom ein ikkje har gyldig grunn til forfall, har medlemene plikt til å delta i utvalet sine møter og utvalet sitt arbeid.

Gyldig grunn for forfall reknast som: sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som ikkje kan utsettast eller forsømast.

Forfall skal meldast til leiar eller til sekretæren snarast råd, men seinast fire dagar før møtet slik at leiar kan kalle inn varamedlem.

### **§ 7 Vurdering og ev. fritak**

Å vere medlem av Vestland ungdomsutval medfører ansvar, både for å delta på møter i utvalet, og melde ifrå i god tid dersom ein ikkje kan delta på eit møte og å følgje opp dei arbeidsoppgåvene ein vert tillagt.

Medlemer som ikkje møter utan å ha gyldig forfall på to møter, inkl. nettverkssamling for ungdomsråd og fylkesting for ungdom, eller ikkje melder forfall til same tal møter, og gjentekne gonger ikkje gjer arbeidsoppgåvene sine bør vurdere / kan oppmodast av dei resterande medlemmane i VU til å søkje om fritak frå sitt verv i Vestland ungdomsutval.

Det er fylkesting for ungdom som avgjer om eit medlem i VU skal få fritak frå vervet sitt. Om nokon av medlemmane av VU ynskjer fritak frå vervet sitt må vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar i VU og til sekretæren. Valnemnda skal få melding om at ein medlem søkjer fritak frå sitt verv, slik at dei kan komme med framlegg til vedtak for FFU. FFU gjer deretter vedtak over om medlemen får fritak frå vervet sitt i VU. Dette gjeld medlemmar som er valt for to år, men ynskjer å trekkje seg etter eitt år.

Dersom eit medlem ber om fritak undervegs i eit år, og ikkje i samband med fylkesting for ungdom, må vedkomande gje skriftleg beskjed til leiar og sekretær. Dette vert viteringssak på neste møte i VU. VU kan gjere vedtak om at det skal kallast inn fast møtande vara for vedkomande fram til og med neste fylkesting for ungdom. Ein skal då nytte den prioriterte rekkefølga av varamedlemmar. Om ein ynskjer å trekkje seg frå vervet ein har (leiar, nestleiar, medlem), kan VU vedta å fordele verva annleis. Eit slikt bytte skal vere ei viteringssak og er gjeldande etter den datoen VU vedtek.

### **§ 8 Møteleiing**

Leiar av VU skal vere møteleiar. Dersom leiar ikkje kan stille på møtet skal nestleiar fungere som møteleiar. Dersom begge desse er vekke, skal Vestland ungdomsutval stemme over kven som skal leie møtet.

Referenten på møtet er den fylkeskommunalt tilsette. Denne personen skal ha ei støttande rolle i møtet, og skal skrive referata frå møte og protokoll om det ikkje er andre ynskjer. Referata bør vere utvalet i hende før neste møte. Denne personen har talerett i alle saker, men bør unngå å fremme eigne politiske meiningar. Dette er det møteleiaren si oppgåve å følgje opp.

### **§ 9 Innkalling og sakliste**

Vestland ungdomsutval skal verte kalla inn skriftleg med minst sju dagar varsel. Saksdokumenta vert sende til medlemene, varamedlemene og eventuelt andre til same frist. Dersom ingen medlemer seier i mot, kan VU handsame saker sjølv om dei er sendt ut etter fristen.

Leiinga set opp sakliste før kvart enkelt møte, om ynskjeleg saman med sekretær. Saklista skal liggje ved innkalling

### **§ 10 Ugildskap**

For ugildskaper til medlemene gjeld reglane i forvaltningslova kap. II og kommunelova § 40 nr.3. Medlemmer som er ugilde deltek ikkje ved handsaming av saka og forlèt møtet dersom det er eit lukka møte.

### **§ 11 Økonomi**

Målet med Vestland ungdomsutval er at alle skal kunne vere med, uavhengig av økonomisk bakgrunn eller personleg økonomisk situasjon.

Medlemene skal ikkje ha utgifter knytt til transport, deltaking og opphald på VU sine møter eller når dei representerer VU i andre samanhengar enn ordinære møter.

Til møta knytt til jobb for VU vert det gjeve reiserefusjon.

### **§ 12 Endring av vedtektene**

Endringar i vedtektene for VU vert gjort av fylkesting for ungdom i Vestland med ⅔ fleirtal.

Endringar i vedtektene tek til å gjelde i det dei vert vedtekne av fylkesting for ungdom i Vestland.

## Vedtekter for fylkesting for ungdom

### **§ 1 Innleiande føresegner**

§ 1-1 Namn Det offisielle namnet er "fylkesting for ungdom" avkorta som "FFU". I dei fleste høve er det naturleg å leggje til "Vestland". Logoen er den same som for fylkeskommunen.

§ 1-2 Føremål Fylkesting for ungdom (FFU) er det øvste talerøyet for ungdom i Vestland fylke. Fylkesting for ungdom skal arbeide med å ivareta ungdom i Vestland sine interesse for å auke samfunnsengasjementet hjå ungdommen. FFU er eit demokratisk organ for å fremja ungdomsmedverknad. I tillegg skal det stimulere til politisk engasjement samt for opplæring og erfaring i demokratiske prosessar, og få innsyn i demokratiet som styreform og folkestyret som grunnverdi.

§ 1-3 Fylkesting for ungdom kan sjølv ta opp saker dei ynskjer å fremje med administrasjonen og/eller politiske organ i fylkeskommunen

### **§ 2 Gjennomføring av tinget**

§ 2-1 Fylkesting for ungdom sine møter er opne for alle som er interesserte.

§ 2-2 Fylkesting for ungdom skal ha ein årsmøtefunksjon ovanfor Vestland ungdomsutval, der VU rapporterer til FFU om sitt arbeid i løpet av året. FFU skal behandle fjorårets rekneskap, årsmelding og forslag til budsjett for komande periode.

§ 2-3 FFU lagar og vedtek eit ungdommens planprogram for kva saker VU skal arbeide med det komande året. Ungdommens planprogram er det øvste politiske dokumentet for VU. Formålet med, og oppbygginga av, programmet vert lagt ved i eit utdjupingsdokument. Oppstår det konflikter mellom planprogrammet og andre vedtak gjort av FFU eller VU, gjeld planprogrammet som både FFU og VU sin politikk. Utdjupningsdokumentet kan endrast ved 2/3 fleirtal av FFU.

§ 2-4 VU har moglegheit til å gjere redaksjonelle endringar i planprogrammet og eigne dokument om FFU gjer dei denne friheita.

§ 2-5 VU avgjer deltakingsavgifta for neste FFU heilt fram til invitasjonen skal sendast ut.

### **§ 3 Deltakarar**

§ 3-1 Alle kommunar i Vestland, uavhengig av folketal, kan sende to ungdommar til FFU som delegatar. Representantane skal veljast innad i ungdomsrådet eller kommunestyret.



Om kommunane ynskjer å sende fleire representantar er det plass til ti observatørar. Her er det snakk om å vere dei fyrste til å melde frå om ynskje av desse plassane.

Ein må vera delegat for å inneha tale-, forslags-, og røysterett. Ungdommar som ikkje er delegatar, men som er sende frå kommunane er å rekne som observatørar. Dei stillar med talerett, men ikkje forslags- og røysterett.

Inviterte gjestar i alderen 13-19 år har berre talerett. Andre gjestar har ikkje talerett, ei heller forslags- og røysterett.

Gjestar skal ha moglegheit til å søke om talerett.

§ 3-2 FFU skal bestå av ungdom mellom 13 og 19 år med tilknytning til fylket. Det vil seie at ein kan vere delegat frå og med det kalenderåret ein fyller 14, men kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet.

§ 3-3 Fylkesting for ungdom skal vera partipolitisk nøytralt. Representantane representerer kommunane sine og ikkje eit politisk parti.

§ 3-4 Alle medlemmer og varamedlemmer av VU har delegatstatus. Medlem og varamedlem av VU representerer FFU og ikkje kommunen dei kjem frå.

#### **§ 4 Organisering og nemnder**

§ 4-1 FFU skal haldast ein gong i året og skal arrangerast innan utgangen av mars, så lenge VU ikkje bestemmer noko anna eller særlege grunnar talar mot dette. Særskilde grunnar kan mellom anna vera dårlig påmelding frå kommunane, sjukdom og liknande.

§ 4-2 Dersom VU finn det nødvendig kan dei kalle inn til ekstraordinært FFU.

§ 4-3 VU kallar inn til FFU fem veker før FFU skal arrangerast, medan sakspapira skal sendast ut seinast 14 dagar før arrangementet begynner. § 4-4 Det skal førast møtebok for FFU. Møteboka vert lagt ut på fylkeskommunen sine nettsider etter at den er ferdigstilt. Møteboka må underskrivast av to delegatar valt av FFU.

§ 4-4 FFU vert leia av to ordstyrar. Ordstyrarane skal veljast av tinget. Det er VU som kjem med framlegg til ordstyrar, men tinget kan kome andre framlegg.

§ 4-5 FFU vel ei valnemnd på minimum tre personar etter innstilling frå VU. Desse kan veljast mellom avtroppande medlem av VU, representantar frå FFU som ikkje stiller til val, nokon som har særskild erfaring med arbeid i ein valnemnd, ein person frå administrasjonen. FFU og VU skal ha minst halvparten av medlemene. Valnemnda skal innstille på medlem til VU. Valnemnda kan ikkje innstille på sine eigne medlem i nokre av posisjonane.

§ 4-6 FFU vel ei redaksjonskomite på minimum tre personar etter innstilling frå VU. Medlemene vert valt blant deltakarane på FFU. Komiteen har i oppgåve å innstille på kva saker som skal realitetsbehandlast, samt setje opp rekkefølga til røystringa. Redaksjonskomiteen si innstilling til om sakar skal realitetsbehandlast kan endrast om 1/3 røystar for endringa.

Redaksjonskomiteen kan gjere mindre redaksjonelle endringar i ei fråsegn så lenge dette ikkje endrar innhaldet, dei skal også tilby forslagsstillarane hjelp med å finne eventuelle betre formuleringar. Redaksjonskomiteen kan skrive eigne forslag med same intensjon som forslag innsendt av delegatar, men i første rekkje bør uttalenemnda ha ein god dialog med forslagsstillar.

§ 4-7 FFU vel kontrollnemnd. Kontrollnemnda skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor VU og FFU. Kontrollnemnda skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på FFU. Nemnda skal bestå av tre medlem, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av VU. Kontrollnemnda har tale - og framleggsrett på VU og FFU sine møte.

§ 4-9 FFU kan setje ned nemnder med mandat.

§ 4-10 Kommunane i Vestland kan melde inn saker til FFU. Sakene skal handsamast av VU og må difor vera i VU sine hender minst ein månad før tinget.

### **§ 5 Vedtak og røysting**

Minst 50% av fylkesting for ungdom sine frammøtte delegatar må vere til stade i møtet for at vedtak skal vere gyldige. Alle vedtak skal gjerast ved røysting. Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal. Dersom røystene står likt vert det votert over saka éin gong til. Dersom røystene deretter igjen står likt er leiari i VU si røyst avgjerande.

§ 5-1 Vedtekter må bli stemt gjennom ved  $\frac{2}{3}$  fleirtal, dette gjeld også ved endring av vedtektene.

### **§ 6 Arrangement i regi av VU /FFU**

§ 6-1 Det er ved alle arrangement i regi av FFU og VU nulltoleranse for trakassering.

§ 6-2 Alle møte og tilstellingar i FFU og VU skal vere fri for alkohol og illegale rusmiddel under heile arrangementet.

§ 6-3 Deltakarar som bryt regelverket etter § 6-1 og § 6-2 eller køyrereglane vedteke av FFU eller VU, kan sendast heim frå møtet eller arrangementet etter vedtak i kontrollnemnda.

§ 6-4 Dersom medlem i VU, kontrollnemnda eller deltakarane ved FFU/VU sine arrangement får informasjon om brot på vedtektenes § 6-1 skal dette meldast til fylkesadministrasjonen sitt varslingsutval etter diskusjon med VU sin rådgjevar/sekretær. Desse sakene skal handsamast under taushet fram til endeleg konklusjon er fatta.

## **SAK 13/22 ÅRSREKNESKAP 2022 OG BUDSJETT 2023**

### **Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:**

Fylkesting for ungdom godkjenner rekneskapet for 2022.  
Fylkesting for ungdom vedtek budsjett for fylkesting for ungdom 2023 slik det vert presentert i saka.

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesting for ungdom godkjenner rekneskapet for 2022.  
Fylkesting for ungdom vedtek budsjett for fylkesting for ungdom 2023 slik det vert presentert i saka.

## **SAK 14/22 BEHANDLING AV UNGDOMMENS PLANPROGRAM 2022**

### **Vestland ungdomsutval si innstilling til vedtak:**

Fylkesting for ungdom vedtek ungdommens planprogram for Vestland 2023:

**Mariell Markhus Vevatne (Etne)** sette fram slikt forslag:

“Nytt punkt, opplæring og kompetanse

VU skal arbeide for at studieførebuande linjer skal få utplassering i minst to veker i løpet av eit skuleår.”

**Mathilde Nonås (VU)** sette fram slikt forslag:

“Endring, kultur, idrett og inkludering

Slå saman punkt 2 og 15 med følgjande nye formulering: VU skal jobbe for at økonomisk vanskelegstilte personar skal kunne lettare delta på ulike fritidsaktivitetar, på lik linje som andre.”

**Alva Betine Kilvik (Øygarden)** sette fram slikt forslag:

(a) “Nytt punkt: samferdsel og mobilitet

VU skal arbeide for å få fleire snøggbåtar som reiser rundt nær kommunane til Bergen inn til sentrum, i tillegg til buss. Till dømes frå Sotra/Øygarden, sånn som frå Askøy.”

**Redaksjonskomiteen** sette fram slikt alternativ til Kilvik sitt forslag (a):

“VU skal arbeide for betre kollektivtransport mellom øysamfunna og fastland.”

**Alva Betine Kilvik (Øygarden)** sette fram slikt forslag:

(b) “Endring: næring, naturressursar og innovasjon punkt 5

VU skal heller arbeide for å bygge vindmøller i havet og langs kysten enn på øde plasser”.

**Dina Kvittingen (Samnanger)** og **Emma Fimland (Bømlo)** sette fram slikt forslag:

“VU skal jobba for at kollektivtransport skal korrespondere betre med skulestart og skuleslutt.”

**Oda Bertine Bondevik Lie (Luster)** sette fram slike forslag:

(a) “Nytt punkt: Næring, naturressursar og innovasjon

VU skal arbeide for at alle vidaregåande skular i Vestland skal legge til rette for ungdomsbedrifter.”

(b) “Nytt punkt: Næring naturressursar og innovasjon

VU skal jobbe for at det blir forska meir på kjernekraft.”

(c) “Nytt punkt: Samferdsel og mobilitet

VU skal jobbe for alternative løysningar til kollektivtilbodet, fordi det er vanskeleg å få fleire buss ruter.”

**Sunniva Befring (Gloppen)** sette fram slikt forslag:

(a) “Endring: Næring, naturressursar og innovasjon punkt 4

Endre “grøn” til “berekraftig”

**Redaksjonskomiteen** sette fram slikt alternativ til Befring sitt forslag (a):

“Endre “grøn” til “fornybar”

**Sunniva Befring (Gloppen)** sette fram slike forslag:

(b) “Nytt punkt: Eigen organisasjon

VU skal jobbe for å endre lov for øvre alder for å melde seg inn i VU og tilsvarande organisasjonar i andre fylker, til det året man fyller 19 år.”

(c) “Nytt punkt: Eigen organisasjon

VU skal jobbe for at personar med kostholdsbegrensningar, for eksempel, cøliaki, vegetar, og halal, får ordentleg mat tilsvarande den «vanlege» maten, ikkje berre tilbehør på FFU og VU møter.

(d) “Nytt punkt: Opplæring og kompetanse

VU skal jobbe med at VGS skal ha mer og oppdatert kompetanse om nevrodivergens, for eksempel ADHD, autisme og dysleksi, og andre psykiske helseplager, som depresjon og angst, og bedre tilrettelegging for personar med dette. VU skal jobbe for å få «sansefrie rom», rom der det er, ryddig, stille og potensiale for dimming av lys og å trekke for gardiner. Slike rom må stå ulåst hver dag og være tilgjengelige hele dagen for alle elever, uten at det blir et sted folk oppholder seg for «gøy». Og skolen må sørge for alle elver vet om dette.”

**Redaksjonskomiteen** sette fram slikt alternativ til Befring sitt forslag (d):

“VU skal jobba for at vidaregåande skoler har meir oppdatert kompetanse om psykiske helseplager og nevrodivergens, til dømes ADHD, autisme, og dysleksi.”

**Sunniva Befring (Gloppen)** sette fram slikt forslag:

(e) “Nytt punkt: samferdsel og mobilitet

VU skal jobbe for at personar med nedsett mobilitets funksjon, som rullestolbrukarar, folk som har vanskar med å gå og personar med nedsett syn, skal ha lik tilgang som andre og moglegheit til å ferdes på og bruke offentlege stader, og ikkje offentlege stader som resturanger. VU skal jobbe med å få utbetring av bruk av og tilbod om blindeskrift over alt. For eksempel plakatar og skilt ved ting som statuer som folk skal komme nærme for å lese og brosjyrar.”

**Redaksjonskomiteen** sette fram slikt alternativ til Befring sitt forslag (e):

“VU skal arbeide for å i størst mogleg grad oppnå total universell utforming i heile fylket.”

**Emilie Deisz (Bergen)** sette fram slike forslag:

(a) “Nytt punkt: samferdsel og mobilitet

VU skal jobbe for fleire ordningar for leksehjelp på vidaregåande skole etter skoletid.”

(b) “Endring: Næring, naturressursar og innovasjon punkt 14

VU skal arbeide for meir vern av myr og andre sårbare naturområder”

(c) “Nytt punkt: Opplæring og kompetanse

VU skal jobbe for at fleire unge skal velgje utradisjonelle yrker og utdanningar.”

**Emma Steinsland Hamre (Sogndal)** sette fram slikt forslag:

“Nytt punkt: samferdsel og mobilitet

Ungdomskort - skyss, endringer i tidsperioder.”

**Redaksjonskomiteen** sette fram slikt alternativ til Hamre sitt forslag:

“VU skal arbeide for å kunne ha alternative tidsperiodar på ungdomskortet frå de noverande 30 dagane.”

**Margrethe Sørheim (Osterøy)** sette fram slikt forslag:

“Endring: opplæring og kompetanse punkt 9

VU skal jobbe for å lage eit minimumskrav om tal sidemålstimar.

VU skal sikre at nynorskundervisinga startar tidleg i ungdomsskulane, potensielt i barneskulane.”

**Joachim Reuter (VU)** sette fram slike forslag:

Nytt punkt: næring, naturressursar og innovasjon

VU skal jobbe for at Vestland skal bli Norges første fylke med kjernekraftverk.”

**Isak Al Bayati (Ullensvang)** sette fram slike forslag:

(a) “Endring: Næring, naturressursar og innovasjon punkt 5

Stryke “og vere lokalt forankra”

(b) “Stryk: Opplæring og kompetanse punkt 3”

(c) “Stryk: Opplæring og kompetanse punkt 9”

(d) “Nytt punkt: Opplæring og kompetanse

VU skal arbeide for å endre dagens inntaksordning til fritt skuleval”

**Inger Christin Hystad Barane (VU)** sette fram slike forslag:

(a) “Nytt punkt: opplæring og kompetanse

VU skal arbeide for å få inn mappevurdering i staden for eksamen”.

(b) “Endring: heile planprogrammet

Bytte ut “ungdomsskule” med “VGS””

**Tina Revheim (VU)** sette fram slike forslag:

(a) “Nytt punkt: opplæring og kompetanse

VU skal jobbe for at større prøver i vidaregåande skole skal ha anonym retting.”

(b) “Stryk: samferdsel og mobilitet punkt 3”

**Emilie Engseth (VU)** sette fram slikt forslag:

“Nytt punkt: opplæring og kompetanse

Vu skal arbeide for at studieforbereidende fag skal ha same moglegheit til hospitering eller praksisarbeid i yrker i nærområde eller i kommunen som yrkesfag. Målet er å få fram yrkesmogleheitane som elevane kan ha etter vidaregåande utdanning, samt få eit innblikk i jobbinteressene som eleven har.”

**Redaksjonskomiteen** sette fram slikt alternativ til Engseth sitt forslag:

“VU skal arbeide for at studieforbereidende fag skal ha same moglegheit til hospitering eller praksisarbeid i yrker i nærområde eller i kommunen som yrkesfag.”

**Hallvard Lervik (VU)** sette fram slike forslag:

(a) “Nytt punkt: næring, naturressursar og innovasjon

VU skal jobbe for at Vestland fylke skal redusere gjelda si.”

(b) “Nytt punkt: opplæring og kompetanse

VU skal jobbe for at elevar som droppar ut av vidaregåande opplæring skal få oppfølging frå fylkeskommunen. Der fylkeskommunen skal ha som intensjon å få vedkommande inn i eit utdanningsløp eller finne ein alternativ veg til studiekompetanse/fagbrev.”

(c) “Stryk: opplæring og kompetanse punkt 12”

(d) “Stryk: opplæring og kompetanse punkt 11”

## **Avrøysting**

*Det var 58 til stades.*

Vevatne sitt forslag vart vedteke mot 23 røyster.

Nonås sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst.

Redaksjonskomiteen sitt alternative forslag til Kilvik sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Kilvik sitt forslag (b) fekk 8 røyster og falt.

Kvittingen og Fimland sitt forslag vart ikkje røysta over.

Lie sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Lie sitt forslag (b) vart vedteke mot 5 røyster.

Lie sitt forslag (c) vart ikkje røysta over.

*Det var 59 til stades.*

Redaksjonskomiteen sitt alternative forslag til Befring sitt forslag (a) vart vedteke mot 4 røyster for Befring sitt forslag (a).

Befring sitt forslag (b) fekk 6 røyster og falt.

Befring sitt forslag (c) fekk 2 røyster og falt.

Redaksjonskomiteen sitt alternative forslag til Befring sitt forslag (d) vart samrøystes vedteke.

Det var 58 til stades.

Deisz sitt forslag (a) vart vedteke mot 3 røyster.

Deisz sitt forslag (b) vart vedteke mot 3 røyster.

Deisz sitt forslag (c) vart vedteke mot 9 røyster.

Sørheim sitt forslag fekk 6 røyster og falt.

Reuter sitt forslag fekk 13 røyster og falt.

Al Bayati sitt forslag (a) fekk 3 røyster og falt.

Al Bayati sitt forslag (b) fekk 7 røyster og falt.

Al Bayati sitt forslag (c) fekk 6 røyster og falt.

Al Bayati sitt forslag (d) fekk 10 røyster og falt.

Hystad Barane sitt forslag (a) vart vedteke mot 27 røyster.

Hystad Barane sitt forslag (b) vart vedteke mot 4 røyster.

Revheim sitt forslag (a) vart vedteke mot 12 røyster.

Revheim sitt forslag (b) vart vedteke mot 1 røyst.

Redaksjonskomiteen sitt alternative forslag til Engseth sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst for Engseth sitt forslag.

Lervik sitt forslag (a) fekk 6 røyster og falt.

Lervik sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

Lervik sitt forslag (c) fekk 6 røyster og falt.

Lervik sitt forslag (d) fekk 6 røyster og falt.

## SAK 15/22 VAL AV VESTLAND UNGDOMSUTVAL (VU)

Valnemnda si innstilling til ledige verv i Vestland ungdomsutval for 2023 vart presentert på møtet:

Verv	Namn	Kommune
Leiar	Inger Christin Barane	Stord
Nestleiar	Michal Niedzwiecki	Årdal
2årig medlem	Andreas Borkamo	Sunnfjord
2årig medlem	Margrethe Sørheim	Osterøy
2årig medlem	Dina Kvittingen	Samnanger
1årig medlem	Ådne Wilberg	Gulen
1årig medlem	Isak Al Bayati	Ullensvang
1. vara	Mathilde Nonås	Bjørnafjorden
2. vara	Per Gunnar Moe	Luster
3. vara	Tord Hatteberg	Kvinnherad
4. vara	Emma Lillian Fimland	Bømlo
5. vara	Stefania Bascha	Kinn

Alle vala vart gjort ved fleirtalsvotering.

Val av leiar

**Følgjande stilte til val:**

Innstilling: Inger Christin Hystad Barane

**Avrøysting**

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Inger Christin Hystad Barane (Stord) vert valt som leiar.

Val av nestleiar

**Følgjande stilte til val:**

Innstilling: Michal Niedzwiecki (Årdal)

Tina Revheim (Askøy)

Wiktorija Bujnicka (Sunnfjord)

### **Avrøysting**

Michal Niedzwiecki fekk 15 røyster.

Tina Revheim fekk 27 røyster.

Wiktoria Bujnicka fekk 16 røyster.

Då ingen av forslaga fekk meir enn 50% av røystene vart det votert på nytt over dei to med flest røyster.

Tina Revheim fekk 38 røyster.

Wiktoria Bujnicka fekk 20 røyster.

### **Vedtak**

Tina Revheim vert valt som nestleiar.

### Val av 2årig medlem

#### **Følgjande stilte til val:**

Innstilling: Andreas Borkamo (Sunnfjord)

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke

### **Vedtak**

Andreas Borkamo vert valt som 2årig medlem.

### Val av 2årig medlem

#### **Følgjande stilte til val:**

Innstilling: Margrethe Sørheim (Osterøy)

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke

### **Vedtak**

Margrethe Sørheim vert valt som 2årig medlem.

### Val av 2årig medlem

#### **Følgjande stilte til val:**

Innstilling: Dina Kvittingen (Samnanger)

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke

### **Vedtak**

Dina Kvittingen vert valt som 2årig medlem.

### Val av 1årig medlem

#### **Følgjande stilte til val:**

Innstilling: Isak Al Bayati (Ullensvang)

Innstilling: Ådne Wilberg (Gulen)

Wiktoria Bujnicka (Sunnfjord)

### **Avrøysting**

Isak Al Bayati fekk 21 røyster.

Ådne Wilberg fekk 13 røyster.

Wiktoria Bujnicka fekk 24 røyster.

Då ingen av forslaga fekk meir enn 50% av røystene vart det votert på nytt over dei to med flest røyster.

Isak Al Bayati fekk 19 røyster.

Wiktoria Bujnicka fekk 32 røyster.

**Vedtak**

Wiktorija Bujnicka vert valt som 1årig medlem.  
Val av 1. vara

**Følgjande stilte til val:**

Innstilling: Mathilde Nonås (Bjørnafjorden)  
Isak Al Bayati (Ullensvang)  
Ådne Wilberg Hansen (Gulen)

**Avrøysting**

Mathilde Nonås fekk 31 røyster.  
Isak Al Bayati fekk 19 røyster.  
Ådne Wilberg Hansen fekk 8 røyster.

**Vedtak**

Mathilde Nonås vert valt til 1. vara.

Val av 2. vara**Følgjande stilte til val:**

Innstilling: Per Gunnar Moe (Luster)

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Per Gunnar Moe vert valt til 2. vara.

Val av 3. vara**Følgjande stilte til val:**

Innstilling: Tord Hatteberg (Kvinnherad)  
Ådne Wilberg Hansen (Gulen)  
Leonie Sophie Thiele (Alver)

**Avrøysting**

Tord Hatteberg fekk 42 røyster  
Ådne Wilberg Hansen fekk 9 røyster.  
Leonie Sophie Thiele fekk 7 røyster.

**Vedtak**

Tord Hatteberg vert valt til 3. vara.

Val av 4. vara**Følgjande stilte til val:**

Innstilling: Emma Fimland  
Isak Al Bayati (Ullensvang)  
Herman Bontveit (Askvoll)  
Are Dalseid (Eidfjord)  
Stefiania Basca (Kinn)  
Vegard Eide Aase (Kvam)  
Lucas Robbestad (Askøy)

**Avrøysting**

Emma Fimland fekk 20 røyster.  
Isak Al Bayati fekk 16 røyster.  
Herman Bontveit fekk 9 røyster.  
Are Dalseid fekk 5 røyster.  
Stefiania Basca 5 røyster.  
Vegard Eide Aase fekk 3 røyster.  
Lucas Robbestad fekk 2 røyster.



Då ingen av forslaga fekk meir enn 50% av røystene vart det votert på nytt over dei to med flest røyster.

Isak Al Bayati fekk 32 røyster.  
Emma Fimland fekk 28 røyster.

#### **Vedtak**

Isak Al Bayati vert valt til 4. vara.

#### Val av 5. vara

##### **Følgjande stilte til val:**

Innstilling: Stefania Basca (Kinn)  
Ådne Hansen Wilberg (Gulen)  
Emma Fimland (Bømlø)  
Herman Bontveit (Askvoll)  
Vegard Eide Aase (Kvam)  
Are Dalseid (Eidfjord)

#### **Avrøysting**

Stefanie Basca fekk 6 røyster.  
Ådne Hansen Wilberg fekk 28 røyster.  
Emma Fimland fekk 12 røyster.  
Herman Bontveit 9 røyster.  
Vegard Eide Aase fekk 4 røyster.  
Are Dalseid fkk 1 røyst.

Då ingen av forslaga fekk meir enn 50% av røystene vart det votert på nytt over dei to med flest røyster.

Ådne Wilberg Hansen fekk 44 røyster.  
Emma Fimland fekk 16 røyster.

#### **Vedtak**

Ådne Wilberg Hansen vert valt til 5. vara

*Protokollen er elektronisk godkjent av protokollunderskrivarane.*